

# Lokal forskrift xx.xx 2024 for permisjon får den pliktige opplæringa i grunnskulen i Øystre Slidre kommune

*Heimel: Fastsett av kommunestyret i Øystre Slidre kommune xx.xx.2024 med heimel i opplæringslova sin § 2-2.*

## §1 Formål og verkeområde

Forskrifta gjeld for permisjon frå den pliktige grunnskuleopplæringa etter opplæringslova sin § 2-2.

Forskrifta gjeld for elevar i grunnskulen i Øystre Slidre kommune. Forskrifta gjeld ikkje for vaksne som mottek grunnskuleopplæring etter opplæringslova kapittel 18.

## § 2 Definisjon

Permisjon er løyve for elevar til å vera borte frå den pliktige grunnskuleopplæringa i ein avgrensa periode. Dette fråværet blir rekna som dokumentert (gyldig).

Det skal ikkje søkjast permisjon for fråvær som er helserelatert, til dømes tid til bruk av lege, tannlege eller andre helseinstansar. Fråvær om dette skal meldast direkte til kontaktlærer som fråværsmelding.

## § 3 Hovudregel om permisjon

Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil ti dagar i skuleåret.

Det er ein føresetnad for permisjon at eleven får ei opplæring gjennom skuleåret som samla sett er forsvarleg. Foreldra har ansvar for at eleven følgjer klassa sin plan i permisjonsperioden. Den undervisninga som eleven mistar ved permisjon, har eleven ikkje rett til å få erstatta seinare.

Rektor/kontaktlærer vurderer i kvart einskild tilfelle om det er forsvarleg å innvilge ein elev permisjon frå skulen.

## § 4 Permisjon ved religiøs helgedag

Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, får innvilga permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har helgedag, dersom foreldra sørgjer for den opplæringa som må til for at eleven skal kunne følgje med i opplæringa på skulen etter fråværet.

## § 6 Utskriving frå skulen

Dersom føresette ønskjer å ta ut eleven for ein lengre samanhengande periode på meir enn 10 skuledagar, blir dette sett på som privat heimeundervisning. Eleven blir

utskreven som elev frå skulen, og dei føresette har det fulle ansvaret for opplæringa. Kommunen har plikt til å opne tilsyn med opplæringa innan tre månader.

### **§ 7 Saksbehandling**

Søknad om permisjon skal sendast skulen i så god tid som mogleg før ønska permisjon, seinast fem veker før første dag i permisjonssøknaden når permisjonsperioden er fire dagar eller meir. Søknaden skal grunngjevast.

Kontaktlærer kan innvilge permisjon på inntil tre dagar i strekk med øvre samla grense på eit skuleår på 10 dagar. Søknadar med samanhengande fri på fire dagar eller meir blir behandla av rektor.

### **§ 8 Klage**

Det kan klagast på vedtak om permisjon, klage skal sendast skulen. Dersom skulen ikkje gjer klager medhald, blir klage oversendt formannskapet til endeleg avgjerd.

### **§ 9 Iverksetting**

Forskrifta trer i kraft straks vedteke.